

MØTEPROTOKOLL

PLANUTVALET

Møtedato: 02.03.2010

Møtetid:

Kl. 15.00

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saksnr.:

014/10 - 027/10

Følgjande medl møtte:	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp	Narve Møgster	Frp
Jostein Blånes	”		
Renate Møgster Klepsvik	”		
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Julie Eide Solbakken	H		
Jane Kristi Stangeland	A		

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	
Kjetil Østervold	Frp	
Kurt Frank	H	
Christian Halstensen	Krf	

Møteleiar:	Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Leiar Osk Lars Erling Horgen og nestleiar Osk Astrid N. Fagerbakke
Utlevert i møtet:	
Merknader:	Ingen
Innkalling:	Ingen
Diverse:	

Helge Andre Njåstad
Leiar

Jostein Blånes

Renate Møgster Klepsvik

Edvard Johs. Stangeland

Julie Eide Solbakken

Jane Kristi Stangeland

Narve Møgster

014/10: GODKJENNING AV MØTEBOK PLANUTVALET 19.01.2010

Vedtak:

Møteboka frå planutvalet 19.01.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

015/10: REFERATSAKER

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

016/10: Reguleringsendring Indreholmen del av gnr. 40, molo og kaier nord på øya.

Vedtak:

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av pbl § 12-8, at det vert sett i gang arbeid med føremål endring av reguleringsplanen for Indreholmen. Endringane har til hensikt å etablere ei større/lengre molo på vestsida og kai langs med 3 naust. Søkjar sørgjer for underretning og melding på vanleg måte. Arbeidet skal utførast av fagkunnige.

**017/10: SØKNAD OM OPPSTART PLANARBEIDE. GNR.33 BNR. 8, 29
FRITIDSBUSTADER OG GNR. 33 BNR. 16 KAI/NAUST. REGULERINGSPLAN
BARMEN.**

Vedtak:

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-8, at det vert sett i gang arbeid for å utarbeide framlegg til reguleringsplan for Barmen, gnr. 33, bnr. 8, 16 og 29. Søkjar sørgjer for kunngjøring og etterretning om oppstart planarbeide etter § 12-8.

**018/10: GNR. 57 BNR. 0002. BUSSESUND. OPPSTARTSMELDING - FORSLAG TIL
ENDRING OG UTVIDING AV REGULERINGSPLAN.**

PLA-018/10 Vedtak:

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av plan og bygningslova § 12-8, at det vert sett i gang arbeid med det føremål å utvida reguleringsplanen for del av gnr. 57, bnr. 002, Bussesund, slik at den tek med eigedomane gnr. 57 bnr. 35 og 55. Søkjar ønskjer samstundes endring til fritidsbustad og næring for desse eigedomane. Søkjar sørgjer for kunngjøring og underretning til offentlege organer og berørte grunneigare og andre interessenter.

**019/10: GNR. 58 BNR. 0165 KOLBEINSVIK. FRAMLEGG TIL
REGULERINGSENDRING. UTLEGGJING TIL OFF.ETTERSYN.**

Handsaming i møtet:

Helge Andre Njåstad var ugild under handsaminga.

Edvard Johannes Stangeland overtok møteleiinga.

Vedtak:

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av plan og bygningslova § 12- 10, at framlegg til reguleringsendring for gnr. 58, bnr. 16, 18 og 165, vert lagt til offentleg ettersyn og sendt på høyring.

**020/10: GNR. 43 BNR. 608/686/229/502/234 - SENTRUMSPLAN STOREBØ.
GODKJENNING AV REGULERINGSPLAN.**

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplanen for gnr. 43, bnr.608, 686, 229, 502, 234, Nye Storebø Senter. Føresegnene er datert 19.02.2010 og plankartet 28.10.2009.

021/10: GNR. 33 BNR. 009 BARMEN. SØKNAD OM ENDRING AV REGULERINGSPLAN.

Vedtak:

Utval for plan og byggesak godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-8, at det vert sett i gang arbeid med siktemål å endra reguleringsplanen for Barmen, gnr. 33, bnr. 009. Søkjar kunngjer melding om oppstart, og varslar offentlege organer samt grunneigare og naboar til planområdet.

022/10: SKJØTSELPLAN FOR AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE PÅ EIGEDOM MED GNR. 43 BNR. 0227 PÅ STOREBØ

Vedtak:

1. Austevoll kommune inngår avtale om skjøtsel av arkeologisk kulturminne på gnr/bnr. 43/277.
2. Det blir arbeida med å søkje om midlar frå ulike tilskotsordningar.

023/10: GNR. 25 BNR. 0010 KALVE. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN SI FØRESEGN - FOR OPPFØRING AV NAUST.

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Helge Andre Njåstad:

Tillegg:

Planutvalet set og som vilkår at vegen ned til molo / utfylling ikkje vert forringa gjennom bygging av naustet.

Det vart først røysta over rådmannen si tilråding som vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over tilleggsframlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Planutvalet har vurdert søknad om dispensasjon, motteke 20.08.2009, om oppføring av naust på gnr 25, bnr 10, Kalve. I medhald av arealdelen av kommuneplanen si føresegn §3.10, finn Planutvalet grunnlag for å godkjenne denne dispensasjonssøknaden.

Grunngjeving: I flg arealdelen av kommuneplanen skal omsøkte naust først opp i eit verneverdig naustområde (VN). I tillegg til dette har Hordaland fylkeskommune v/fylkeskonservator stilt seg positiv til utforminga av dette naustet, jfr brev motteke 02.12.2009.

Planutvalet finn å gje følgjande vilkår/krav for å gje dispensasjon:

- Det må straks meldast frå til Fylkesmannen v/fylkeskonservator, viss det blir avdekkta kulturminner på land eller i sjø under byggearbeidet, jf Kulturminnelova §8,2.
- Naustet må ikkje innreiast til varig opphald.
- Storleiken på vindauge, som overstig 3% av dagslysflata i forhold hovedplanet sitt bruksareal, må reduserast.

Planutvalet set og som vilkår at vegen ned til molo / utfylling ikkje vert forringa gjennom bygging av naustet.

024/10: GNR. 52 BNR. 0045 NAUSTHELLER. KLAGE PÅ SAKSGANG OG DELEGERT VEDTAK PÅ SØKNAD OM ENDRING AV LØYVE VED OPPFØRING AV NAUST

Vedtak:

Planutvalet har vurdert klage, motteke 25.01.2010, på saksgang og delegert vedtak i saknr 021/10 datert 13.01.2010. Administrasjonen godkjende her endring av tidlegare godkjend løyve på søknad om oppføring av naust på gnr. 52, bnr. 45, Naustheller.

Planutvalet finn ikkje grunnlag for å ta klaga frå nabo til følgje. Utvalet grunngjev dette med at endringane på omsøkte naust (storleik og plassering) er uvesentlege i forhold til opprinneleg teikning av tiltaket.

Når det gjeld saksgang vert det vist til bakgrunn for saka.

025/10: GNR. 05 BNR. 0004 KALVANES. DISPENSASJON - OPPFØRING AV NAUST. FYLKESMANNEN SI KLAGE PÅ KOMMUNEN SITT VEDTAK.

Vedtak:

Det faste utval for plansaker har vurdert miljøvernavdelinga hos fylkesmannen i Hordaland si klage på vedtak sak PLA-011/10.

Planutvalet held fast på vedtak gjort i møte 21.08.08 sak 0078/08.

Miljøvernavdelinga hos fylkesmannen i Hordaland si klage vert ikkje teken til følgje og saka vert sendt fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

026/10: GNR. 43 BNR. 0537 STOREBØ. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALBRUKEN - MELLOMBELS BRUKSENDRING

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Jane Stangeland og Narve Møgster:

Planutvalet held fast på politisk vedtak gjort i møte 19. januar 2010 om å gje mellombels dispensasjon, men bruksendringa skal ha ei tidsgrense på 3 år, noko planutvalet ser som ei rimeleg tid til å skaffe heilårsbustad.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PLA-026/10 Vedtak:

Planutvalet held fast på politisk vedtak gjort i møte 19. januar 2010 om å gje mellombels dispensasjon, men bruksendringa skal ha ei tidsgrense på 3 år, noko planutvalet ser som ei rimeleg tid til å skaffe heilårsbustad.

027/10: GNR. 23 BNR. 0020 MØKSTER SØKNAD OM DISPESAJON FRÅ FØRESEGNENE OG PLANKRAVENE I KOMMUNEPLANEN

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Helge Andre Njåstad:

Det faste utval for plansaker har vurdert saka og fylkesmannen si klage på vedtak i PLA 006/10. Planutvalet vil oppmoda fylkesmannen å gjera ei ny vurdering i denne saka før ein evt går vidare med den til sette fylkesmann.

Planutvalet meiner saka frå kommunen si side tidlegare ikkje har vore grunngjeve godt nok og vil difor tillate seg å koma med desse supplerande opplysningane:

- I føresegnene til kommuneplanen står dette om plankrav i naustområder: *Fortetting i eksisterande naustområde kan skje utan plan.* Planutvalet viser til at det i denne naustvågen finnes naust i nærheten til omsøkte naust i begge retningar og det finnes naust som har større storleik og høgde enn omsøkt tiltak.
- Dessutan står det og i retningslinjene til kommuneplanen: *For bygningar under 50 m² kan det gjevast dispensasjon frå plankravet dersom utbyggjar viser at utnyttinga av tomta samla sett er i tråd med føresegnene, og at det nye bygget ikkje gjer seinare planlegging eller utnytting av området vanskeleg.* Planutvalet sin hensikt med denne formuleringa er blant anna at bygg som omsøkte ikkje åleine skal utløyse plankrav. Planutvalet viser til at omsøkt naust her er under 50 m².
- Desse to formuleringane meiner Planutvalet er dekkande for å gje dispensasjon i medhald av overordna plan frå plankravet.
- I samfunnsdelen til kommuneplanen har kommunen lagt vekt på at øyane Møkster, Litlekalsøy, Hevrøy og Lunnøy må handsamast midlare enn resten av kommunen då busettinga her er meir sårbar og det er viktig for kommunen å dempe fråflyttinga som har vore stor på dei 3 øyane som har fast busetting sett over noko tid.
- Kommunen ynskjer å satse på tiltak som fremmer busetting på desse øyane. Rekrutteringsbustad i samarbeid med Møkster BU på Møkster er eit tiltak. Likeins felles småbåthamn på Møkster pluss positiv haldning til prosjekt både på Møkster og Litlekalsøy innanfor reiselivssatsing.
- Det omsøkte naustet er tiltenkt brukt som produksjonslokale / utstillingslokale av den lokale kunstnaren på øya Arne Møkster i tillegg til ordinært naust i fyrste etg. Kommunen stiller seg positiv til at Arne Møkster skal få eit eige lokale til dette og synes plasseringa i hamna nær butikken er god. Dette vil bidra positivt i miljøet og vera eit nytt tilbod til turismesatsinga på øya.
- Planutvalet er klar på at denne saka danner ikkje presedens. Kommuneplanen sine føresegner seier at det skal vurderast dispensasjon frå storleik av naust til personar med spesielle behov innanfor næring. Kommunen endra bevist begrepet fiskarar til næring i rulleringa i 2006 nettopp for å fange opp tilfeller som Arne Møkster.
- Planutvalet meiner at det i denne saka er ei interesseovervekt som tilseier dispensasjon både for Møkster som samfunn gjennom å få nye tiltak retta mot besøkande i område nær butikken og for søkjar som får betre lokale til både produksjon og utstilling av kunst.

Planutvalet vil på denne bakgrunn oppmoda fylkesmannen om å sjå på saka på nytt og vurdere å trekke klaga på vedtaket til planutvalet.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegg frå Frp. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det faste utval for plansaker har vurdert saka og fylkesmannen si klage på vedtak i PLA 006/10. Planutvalet vil oppmoda fylkesmannen å gjera ei ny vurdering i denne saka før ein evt går vidare med den til sette fylkesmann.

Planutvalet meiner saka frå kommunen si side tidlegare ikkje har vore grunngjeve godt nok og vil difor tillate seg å koma med desse supplerande opplysningane:

- I føresegnene til kommuneplanen står dette om plankrav i naustområder: *Fortetting i eksisterande naustområde kan skje utan plan.* Planutvalet viser til at det i denne naustvågen finnes naust i nærheten til omsøkte naust i begge retningar og det finnes naust som har større storleik og høgde enn omsøkt tiltak.
- Dessutan står det og i retningslinjene til kommuneplanen: *For bygningar under 50 m² kan det gjevast dispensasjon frå plankravet dersom utbyggjar viser at utnyttinga av tomta samla sett er i tråd med føresegnene, og at det nye bygget ikkje gjer seinare planlegging eller utnytting av området vanskeleg.* Planutvalet sin hensikt med denne formuleringa er blant anna at bygg som omsøkte ikkje åleine skal utløyse plankrav. Planutvalet viser til at omsøkt naust her er under 50 m².
- Desse to formuleringane meiner Planutvalet er dekkande for å gje dispensasjon i medhald av overordna plan frå plankravet.
- I samfunnsdelen til kommuneplanen har kommunen lagt vekt på at øyane Møkster, Litlekalsøy, Hevrøy og Lunnøy må handsamast midlare enn resten av kommunen då busettinga her er meir sårbar og det er viktig for kommunen å dempe fråflyttinga som har vore stor på dei 3 øyane som har fast busetting sett over noko tid.
- Kommunen ynskjer å satse på tiltak som fremmer busetting på desse øyane. Rekrutteringsbustad i samarbeid med Møkster BU på Møkster er eit tiltak. Likeins felles småbåthamn på Møkster pluss positiv haldning til prosjekt både på Møkster og Litlekalsøy innanfor reiselivssatsing.
- Det omsøkte naustet er tiltenkt brukt som produksjonslokale / utstillingslokale av den lokale kunstnaren på øya Arne Møkster i tillegg til ordinært naust i fyrste etg. Kommunen stiller seg positiv til at Arne Møkster skal få eit eige lokale til dette og synes plasseringa i hamna nær butikken er god. Dette vil bidra positivt i miljøet og vera eit nytt tilbod til turismesatsinga på øya.
- Planutvalet er klar på at denne saka danner ikkje presedens. Kommuneplanen sine føresegner seier at det skal vurderast dispensasjon frå storleik av naust til personar med spesielle behov innanfor næring. Kommunen endra bevist begrepet fiskarar til næring i rulleringa i 2006 nettopp for å fange opp tilfeller som Arne Møkster.
- Planutvalet meiner at det i denne saka er ei interesseovervekt som tilseier dispensasjon både for Møkster som samfunn gjennom å få nye tiltak retta mot besøkande i område nær butikken og for søkjar som får betre lokale til både produksjon og utstilling av kunst.

Planutvalet vil på denne bakgrunn oppmoda fylkesmannen om å sjå på saka på nytt og vurdere å trekke klaga på vedtaket til planutvalet.